

PP-tenesta og spesialpedagogisk hjelp



DERSOM BARNET DITT HAR SPESIELLE UTFORDRINGER, KAN HAN ELLER HO HA RETT TIL SPESIALPEDAGOGISK HJELP

Barnet kan ha rett på hjelp frå fødselen, og uansett om han eller ho går i barnehage eller ikkje.

Spesialpedagogisk hjelp kan til dømes vere trening, stimulering eller støtte til personalet i barnehagen. Du som er forelder, skal alltid få tilbod om rådgiving. Hjelpa skal vere tilpassa behovet til barnet ditt.

Dersom du eller andre som kjenner barnet ditt er urolige for utviklinga til barnet ditt, skal kommunen og PP-tenesta vurdere og gi råd om kva barnet treng. Før barnet ditt får spesialpedagogisk hjelp, må kommunen gjere eit enkeltvedtak.

PP-tenesta kan samarbeide tverrfagleg på lokalt nivå, til dømes med helsetenesta eller barnevernstenesta, og på statleg nivå med til dømes Statped eller Barne- og ungdomspsykiatri (BUP). PP-tenesta har teieplikt.



PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE (PP-TENESTA)

Ei teneste som gir råd til barnehager og skolar i kommunar og fylkeskommunar om tilrettelegging for barn, unge og vaksne med særskilde behov.

SAKKUNNIG VURDERING

Eit dokument frå PP-tenesta som viser om barnet treng spesialpedagogisk hjelp, og som gir råd om kva slags tilbod barnet, foreldra eller barnehagen bør få.

ENKELTVEDTAK

Eit brev frå kommunen som seier om barnet har rett på spesialpedagogisk hjelp eller ikkje, og kva hjelpa skal vere. Du kan alltid klage på enkeltvedtaket.



KVA KAN EG FORVENTE AV KOMMUNEN?

KVA KAN EG GJERE?

KOMMUNEN SKAL

- syte for at barnets beste blir ivareteke
- involvere og spørje deg før dei tek avgjerder som gjeld barnet ditt
- ha samtalar med barnet og foreldra, og gjere nødvendige kartleggingar av barnet
- be PP-tenesta om å gjere ei sakkunnig vurdering om du bed om det, og om kommunen eller barnehagen meiner at barnet treng spesialpedagogisk hjelp
- fatte eit enkeltvedtak som seier om barnet skal få spesialpedagogisk hjelp eller ikkje, og beskrive kva hjelpa skal vere
- gi barnet spesialpedagogisk hjelp slik det er skildra i enkeltvedtaket
- gi deg tilbod om foreldrerådgeving
- lage ein skriftleg rapport om den spesialpedagogiske hjelpa og utviklinga til barnet ein gong i året

DU SOM ER FORELDER

- kan krevje at kommunen undersøker om barnet ditt treng spesialpedagogisk hjelp
- kan drøfte bekymringa di med PP-tenesta og barnehagen før tilvising
- skal bli involvert og seie ja før kommunen ber PP-tenesta om å utgreie og vurdere barnet ditt
- skal bli involvert og seie ja før kommunen bestemmer at barnet ditt skal få spesialpedagogisk hjelp
- skal få ein skriftleg rapport ein gong i året om hjelpa barnet ditt får, og ei vurdering av korleis barnet ditt utviklar seg
- kan klage dersom barnet ditt ikkje får spesialpedagogisk hjelp
- kan klage på innhaldet, gjennomføringa og organiseringa av hjelpa

